

Også språknøytrale må ta stilling

I artikkelen min om det viktige nynorskfylket Møre og Romsdal støtta eg innstillinga frå fylkesrådmannen om nynorsk som administrasjonsspråk i fylkeskommunen.

Argumentasjonen har utløyst eit par reaksjonar eg gjerne vil kommentere.

Tarald Rørvik vil avblåse det han kallar språkstriden i Sunnmørsposten 29. mars. Til skilnad frå mange andre argumenterer han nyansert og tenksam. Kan det verkeleg vere slik at tekstar frå offentleg forvaltning blir klarare og lettare å forstå når dei er skrivne på nynorsk enn å bokmål, spør han? Ja, den tendensen er nok ganske eintydig.

Sjølvsagt finst det drivande gode sakshandsamarar både i dette fylket og andre stader i forvaltninga som skriv framifrå tekstar på bokmål. Det er likevel ikkje til å kome utanom at staten i mange år har måtta bruke mykje tid og pengar på å formulere seg enklare og tydelegare til innbyggjarane. Dette klarspråkarbeidet har gått hand i hanske med å bruke meir nynorsk, og Kulturdepartementet har under skiftande statsrådar lagt stor vekt på å utnytte denne samanhengen. For kort tid sidan fekk Lotteri- og stiftelsestilsynet i Førde Klarspråkprisen – og her om året blei det same tilsynet heidra for godt arbeid med språkleg jamstilling. Den samanhengen er alt anna enn tilfeldig.

Rørvik vil gjere den offentlege forvaltninga språknøytral. Det ser ut til at han set likskapsteikn mellom dette og at alle offentlege tilsette skriv som dei vil. Å vere språknøytral gir ikkje eit slikt resultat. Nesten fire av ti kommunar er språknøytrale. Det er eit velkjent faktum at nynorsk blir svært lite eller ikkje brukt i det heile i dei fleste av desse kommunane. Oslo er språknøytral, men der får ikkje tilsette bruke nynorsk. Bergen er også språknøytral men der kan tilsette bruke nynorsk.

Å vere språknøytral inneber altså at ein i tillegg må vedta reglar om korleis denne nøytraliteten skal praktiserast. Både i ordskiftet om storkommunen Ålesund og om fylkeskommunen har mange ordlagt seg svært negativt om nynorsk. Dei haldningane er eit svært dårleg utgangspunkt for å etablere ein reell språknøytral administrasjon.

I Sunnmørsposten 29 mars blandar Arild Norvald Stokseth korta og kritiserer på heilt feil grunnlag. Artikkelen «Det viktige nynorskfylket» signerte eg som styreleiar i Nynorsk kultursentrum. I den rolla talar eg på vegner av ein nasjonal kulturinstitusjon med eit breitt samansett styre og 24 stiftarar frå heile landet. Nynorsk kultursentrum er ein uavhengig institusjon, og artikkelen min var eit uttrykk for det sjølvstendet. Stillinga mi som fylkesmann har altså ingen ting med dette å gjere.

Likevel er Stokseth sikker i si sak. Di sikrare ein er i si sak, di viktigare er det nok å sjekke faktum. Det gjeld også utsegna om at eg ikkje har respekt for folk flest.

Lodve Solholm,
styreleiar Nynorsk kultursentrum